



## INDRE HORDALAND JORDSKIFTERETT

### JORDSKIFTEAVGJERD

---

**Dato:** 17. april 2018

**Stad:** Kommunestyresalen på Voss

**Sak:** 16-199497RFA-JVOS FLATEKVAAL gnr 61 m.fl.

**Saka gjeld:** Grensefastsetting for grunneiendom

**Rettsleiar:** Jordskiftedommar Svein Linga

**Meddommarar:** Eva Kristin Dahl  
Lars Helge Ljone

| Partar                          | Kommune     | Gnr. | Bnr. |
|---------------------------------|-------------|------|------|
| Jan Petter Myhre                | Voss (1235) | 58   | 1    |
| Hordaland fylkeskommune         | Voss (1235) | 60   | 1    |
| Laila Flisram<br>Jarle Norekvål | Voss (1235) | 60   | 2    |
| Sigbjørn Dugstad                | Voss (1235) | 60   | 3    |
| Lars Aslak Flatekvål            | Voss (1235) | 61   | 1    |
| Aaslaug H Hansen                | Voss (1235) | 61   | 2    |
| Knut Flatekvål                  | Voss (1235) | 61   | 4    |
| Gunnar Amundsen                 | Voss (1235) | 61   | 8    |
| Per Christer Sivlesøy Norekvål  | Voss (1235) | 61   | 20   |
| Nils Een                        | Voss (1235) | 61   | 21   |
| Steinar Een                     | Voss (1235) | 62   | 1    |
| Johannes Een                    | Voss (1235) | 62   | 2    |
| Svein Ekrem                     | Voss (1235) | 62   | 3    |
| Arvid Een                       | Voss (1235) | 62   | 6    |
| Randi Norekvål                  | Voss (1235) | 63   | 1    |
| Jon Taskjelle Norekvål          | Voss (1235) | 63   | 3    |
| Jon Ringheim                    | Voss (1235) | 63   | 4    |
| Ingvald Ringheim                | Voss (1235) | 63   | 6    |
| Nils Eirik Saue Gregersen       | Voss (1235) | 64   | 1    |
| Kåre Hylland                    | Voss (1235) | 64   | 4    |
| Geir Helge Kristoffersen        | Voss (1235) | 64   | 5    |
| Ivar Løne                       | Voss (1235) | 64   | 13   |
| Geir Løne                       | Voss (1235) | 65   | 1    |

|                 |             |    |    |
|-----------------|-------------|----|----|
| Nils Gjeraker   | Voss (1235) | 66 | 1  |
| Ivar Løne       | Voss (1235) | 66 | 3  |
| Ivar Løne       | Voss (1235) | 66 | 4  |
| Ivar Løne       | Voss (1235) | 66 | 9  |
| Ivar Løne       | Voss (1235) | 66 | 14 |
| Ivar Løne       | Voss (1235) | 67 | 1  |
| Marta Løne Seim | Voss (1235) | 67 | 2  |
| Ivar Løne       | Voss (1235) | 67 | 3  |
| Marta Løne Seim | Voss (1235) | 67 | 4  |
| Ivar Løne       | Voss (1235) | 67 | 10 |
| Ivar Løne       | Voss (1235) | 67 | 11 |

### Heimelen for avgjerda

Avgjerda blir gjort med heimel i jordskiftelova § 6-23 fjerde ledd bokstav a, jf. jordskiftelova § 6-9.

### Kva avgjerda gjeld

Avgjerda gjeld den saklege og geografiske avgrensinga av saka.

### Faktiske forhold

På kravskjemaet var det kryssa av for både rettsutgreiing (§ 4-1) og grensefastsetjing (§ 4-2). På det saksførebuande møte blei det avklart at kravet om rettsutgreiing kunne gå ut. På direkte spørsmål i det fyrste rettsmøtet blei det bekrefta at kravet berre skulle omfatta grensefastsetjing.

I kravet står det at kravet gjeld «grensegang for Flatekvål 61/1 sitt fjell/stølsområde etter utskiftningen frå 1837 – 1838 ... » Oppfatninga til Lars Aslak Flatekvål om kvar grensene for hans eigedom går er i strid med oppfatninga til dei andre eigarane i området. Han meiner å eiga eit mykje større område enn kva oppfatninga til dei andre er.

Dei andre partane har ei sams oppfatning av at grenselinjene går i retning nordvest i rette nokolunde parallelle liner opp til vasskilje. Desse linjene kryssar den linja som rekvirenten påstår. Dei fleste av partane har ei oppfatning at grensa mot vest (mot gnr. 60) går om lag i vasskilje. Rekvirenten meiner at grensa går lenger mot vest langs stien ned mot Vådalen, så vidare til toppen av Lønahorgi der han meiner å eiga arealet både der telemasta står og der høgspentmastene står. Herifrå meiner han at grensa går i rett linje til eit stup ovafor Skulestadberget. Hordaland fylkeskommune meite at grensa i vest går om lag etter vasskilje.

Ein tok for seg eigedom for eigedom. Partane fekk kome med synspunkt på om dei meinte at dei framleis skulle vera partar i saka. Fylgjande eigedommar blir ikkje ein del av saka vidare: gnr. 61 bnr. 2, gnr. 61 bnr. 4, gnr. 61 bnr. 8, gnr. 63 bnr. 4 og gnr. 63 bnr. 6.

Eigar av gnr. 63 bnr. 6, Ingvald Ringheim, har skrive brev om at han ikkje ser seg som part i saka.

På det rettsførebuande møtet blei det antyda at òg tre andre eigedommar kunne utgå frå saka. Men slik saka framstår etter gjennomgangen på det fyrste rettsmøtet er det klart at desse eigedommane likevel kan bli berørte av denne grensefastsetjinga. Eigedommane gnr. 58 bnr. 1, gnr. 61 bnr. 20 og gnr. 61 bnr. 21 er difor framleis partar i saka.

Det blei stilt spørsmål ved om alle som kunne tenkjast å ha eigarinteresser på toppen av Lønahorgi var gjort til partar. Rekvirenten meinte at dette var avklart med dei som kunne vera aktuelle. Ingen av partane hadde elles merknader til partslista.

Partane er samde om eit utgangspunkt for fastsetjing av grensa. Grensemerke for gnr. 61 i sørvest der eigedommen har felles grensepunkt med eigedommane gnr. 57 og gnr. 60 er fastlagt i tidlegare sak for jordskifteretten i 1985. Dette grensepunktet kan påvisast på synfaringa.

Det er stort sprik i oppfatninga av kvar grenselinja går. Alle eigedommane som blir berørt av minst ein av dei førebels grensepåstandane blir vurdert til å vera partar i saka. Jamfør førebels grensepåstandskart datert 17. april 2018 (dokument 367).

Jordskifteavgjerda er samrøystes.

### Slutning

1. Den saklege avgrensinga av saka er grensefastsetjing i samsvar med jordskl. § 4-2.
2. Saka gjeld grensene for gnr. 61 bnr. 1 i fjellet. Jordskifteområdet omfattar eigedommane:

| Gnr. | Bnr. |
|------|------|
| 58   | 1    |
| 60   | 1    |
| 60   | 2    |
| 60   | 3    |
| 61   | 1    |
| 61   | 20   |
| 61   | 21   |
| 62   | 1    |
| 62   | 2    |
| 62   | 3    |
| 62   | 6    |
| 63   | 1    |
| 63   | 3    |
| 64   | 1    |
| 64   | 4    |
| 64   | 5    |
| 64   | 13   |
| 65   | 1    |
| 66   | 1    |
| 66   | 3    |
| 66   | 4    |
| 66   | 9    |
| 66   | 14   |
| 67   | 1    |
| 67   | 2    |
| 67   | 3    |
| 67   | 4    |
| 67   | 10   |
| 67   | 11   |

Voss, 17. april 2018

Lars Helge Ljone

Svein Linga

Eva Kristin Dahl